

ÅRSMELING SELJE SOKNERÅD 2018

Medlemmar i råd og utval

Selje sokneråd:

Sokneprest Eli-Johanne Rønnekleiv

Arne Martin Rundereim: leiar

Haldis Håvik: nestleiar

Marilyn Osmundsvåg: sekretær

Kirsti Elde: medlem

Anne-Helen Espeseth: medlem

Silje Sneide: medlem

Doris Hammersvik: medlem

1.varamedlem: Marie Vikene Berge

Varamedlem: Gunn Karin Lillesalt

Varamedlem: Johanne Martha Myrstad Lesto

Varamedlem: Anne Torheim Rundereim

Representantar i fellesråd

Anne-Helene Espeseth

Doris Hammersvik, leiar

Vara: Marilyn Osmundsvåg og Gunn Karin Lillesalt

Representantar i Seljumannamessekomitéen

Marie Vikene Berge

Anne Torheim Rundereim

Vara: Kirsti A. Elde

Dessutan er Roald Halsør og Jon Inge Sigerland med i Seljumannamessekomiteen, oppnemnde av prostirådet. Eli-Johanne Rønnekleiv er **skrivar for komiteen** i kraft av stilling.

Medliturg- og kyrkjevertutval

Oppgåver: organisere skyss til og frå gudstenester. Finne medliturgar.

Haldis Håvik og Johanne Martha Myrstad Lesto

Vara: Marie Vikene Berge

Representant trusopplæringsutvalet

Oppgåver: samarbeid med kyrkjelydspedagog

Silje Sneide

Johanne Martha M. Lesto

Kontakt for Kirkens nødhjelp

Oppgåve: vere med å organisere fasteaksjonen. Vere eit bindeledd mellom Kirkens nødhjelp og kyrkja.

Kirsti Elde

Ansvarleg for kyrjekaffi

Oppgåver: organisere kyrjekaffi.

Johanne Martha Myrseth Lesto og Anne Torheim Rundereim

Musikkutval

Oppgåver: Saman med Jon-Inge Sigerland planlegge salmekveldar og konsertar.

Roald Halsør og Gunn Karin Lillesalt

Kandidat frå Selje Sokn til fellesnemd Selje/Eid:

Haldis Håvik. Vara: Arne Martin Rundereim, Kirsti Elde, Doris Hammersvik.

Møte

Selje sokneråd hadde 8 møter i 2018 og handsama 61 saker. Årsmøte vart halde 10. mars i Selje bedehus. Vi hadde program, song og basar, årsmøtesaker til slutt.

Dugnad: 2. mai hadde vi vask og støvsuging i Kyrkja før visitas.

Dugnadar: Vask av kyrkja før konfirmasjonen 12.mai. Open kyrkje 7 veker om sommaren.

Gudstenester

Det er halde 37 gudstenester i Selje sokn, med til saman 3480 deltakarar. 2 av disse er halde på institusjon, 6 er halde andre stader i soknet og 29 er halde i Selje kyrkje.

Friluftsgudstenester

Bispetejubileum og Seljumannamessa 8.juli 2018. Predikant: Halvor Nordhaug. HKH Dronning Sonja var tilstades under gudstenesta og Per S. Røyset var særskilt invitert til å helse på henne. Jon-Inge Sigerland gjorde ein framifrå innsats i samband med arrangement av musikken. Soknerådsmedlemmar i alle tre sokna bidrog med ulike oppgåver. Særleg stor takk til sokneråda frå Leikanger og Ervik sokn for de gode innsatsen dei la att i arrangementet.

Open kyrkje

7 veker (41 dagar) 08.00- 20.00. Selje kyrkje hadde òg i 2018 sommarope. I 7 veker, alt 41 dagar frå kl. 08-20. Skriftleg informasjon og bøneskriv vert lagt fram, og besøkande kan skrive seg inn i gjesteboka. Her vert det skrive mange helsingar og takk frå publikum. Det er dugnadarbeid frå soknerådsmedlemmane i samarbeid med Per Røyset som sørger for at ordninga fungerer.

Konsertar

Det har vore halde 4 konsertar og musikkandakter i regi av kyrkjelyden, og 3 i regi av andre (Seljumannamessekomiteen). I tillegg til konsertane, har soknerådet òg arrangert andre kulturarrangement. Misjonskvelden 28.oktober, der føremålet var å presentere det nye misjonsprosjektet, Okhaldhunga-sjukehuset i Nepal, vart halde i Bedehuset. Det vart vist lysbilder frå reisa som Haldis Håvik hadde til Nepal. Ein stor takk til Laura Marie Fure som stod for maten denne kvelden. Etter eit år med opphald, har soknerådet igjen arrangert «Graudtag» til inntekt for misjonsprosjektet. Den vart arrangert i klubbhuset til Selje idrettslag 8.desember.

Offer

Det er samla inn kr. 97 318 ved offer, av desse har 20 639.- gått til eige arbeid. Givarteneste utgjer kr 19 335.- Andre midlar som er samla inn av kyrkjelyden (gåve, basar ol.) er kr. 130 000.-.

I samband med TV aksjonen vart det samla inn 69 skjerf frå stikkarar i hele kommunen. Desse vart sendt kostnadsfritt med båten til Kirkens bymisjon i Bergen. Dette samla ein del folk på sanden, og det vart tatt eit flott bilete av ei lang rekkje oransje skjerf.

Kyrkjelege handlingar

2018 hadde 23 konfirmantar, 3 vigslar, 18 gravferder. I alt vart det døypt 13 born i kyrkja. 2 born frå soknet vart døypt i andre stader.

Trusopplæring

Etablerte tiltak er:

- ☐ Dåp med dåpssamtale, der familien får bønneheftet "Velsign vårt hus"
 - ☐ Baby- småbarnsong
 - ☐ Utdeling av 4- års bok
 - ☐ Bibel til 5. klasse
- Lys Vaken. Overnatting i kyrkja for 10- og 11-åringar. I 2018 var det i Selje kyrkje.
- ☐ Jule- og ev. påskebarnekor (2018-julebarnekor)

Nytt frå hausten er at babysong inviterer til laurdagsgraut på Selje Bedehus. Her er songstund med utgangspunkt i same opplegg som småbornsong, og servering av graut. Eline har fått med seg Haldis og Anne frå soknerådet 4 laurdagar. **Kirsti har også vore med...**

Barnehagen besøker kyrkja 3 gonger i løpet av året; ved juletid og påske, i tillegg til et møte for dei litt større før sommaren.

Det er to skulegudstenester før jul i soknet, i Selje kyrkje og på Flatraket skule.

Konfirmantane har alltid ein undervisningsdag på Selja, og nattcup i Nordfjordhallen saman med konfirmantar frå Vanylven.

Konfirmantane er også med på den landsdekkande fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Dette er ei dør-til-dør innsamling.

Misjonsprosjekt

Sjukehuset **Okhaldhunga** i Nepal. (Kan hende Haldis har litt meir «mat» her)

Lag og aktivitetar

Det er barnelag i Nordpoll med leiar Elisabeth Nordpoll og Selje Sør KFUK/KFUM speidargruppe. Leiar er Stein Robert Osdal.

Diakoninemnda på Flatraket lagar til samlingar på Flatraket Eldretun ein gang i månaden.

Mål og strategi

Etter Bispevisitasen i 2017 har Selje sokneråd hatt som mål å satse på born og unge. Vi ynskjer at fleire skal kome på gudstenester. I samband med det har vi oppretta ei medliturg- og gudstenesteutval. Desse har som oppgåve å samarbeide med prest før gudstenester, og organisere skyss til gudstenester.

Vidare har vi eit mål om å bidra med midlar til barn og unge, slik at dei kan være med på leirar, til dømes på Fjordly.